

Hafslo barne og ungdomsskule

Referat frå møte i SU/SMU

Tysdag 18. november kl 19.00 – 20.30, møterom i Fellesbygget.

Tilstades: Wenche Sollid (foreldrerepr), Lisbeth Skjerven (foreldrerepr), Britt Brugrand (leiar), Kjell Ertesvåg (rektor) og Elin Hilleren (lærarrepr).

Sak 8-14/15: GJENNOMGANG AV REFERAT FRÅ MØTE 29. SEPT

OK

Sak 9 14/15: BIBLIOTEK TENESTA I LUSTER KOMMUNE

Lise og Wenche har laga ein uttale frå FAU. Mykje er positivt, men ein er oppteken av at det følj stillingsressurs til oppvekstbiblioteket på Hafslo. SU sluttar seg til uttalen og sender den til kommunen. Uttalen ligg ved.

Sak 10-14/15: MØTEPLAN FOR SU/SMU 2014-15

Tysdag 18.nov kl. 19.00-20.30.

Tysdag 27.januar kl.19.00-20.30

Tysdag 24.mars kl.19.00-20.30

Måndag 18.mai kl.19.00-20.30

- med forbehold om endringar. Møteinncalling vert sendt via e-post seinast 7 dagar før møtet.
- møtestad: fellesbygget, 2. etasje(over biblioteket).

Sak 11-14/15: KLATREPARK VED HAFSLO BARNE- OG UNGDOMSSKULE

-det har vore møte mellom ulike instansar i bygda/kommunen. Ein jobbar med, og har som mål å få alle papir mm på plass for å få sendt søknad innan 15.jan-15. Klatreparken blir evt fullfinansiert av spelemidlar(her er søknadsfristen 15.01.15 for å få midlar i 2015) og Sparebankstiftinga (det inngår sjølvstøtt litt dugnadsarbeid). Det er ynskjeleg å få den på plass(nede på grasnet ved vatnet) før bygginga av skulen tek til for «alvor».

Det er ein del formalitetar som må på plass fyrst. Avtalar mellom skule og Hafslo bygdeall, økonomisk forskottering hjå Luster kommune.

Det vil verte naudsynt med dugnadsinnsats frå foreldre i samband med bygginga av klatrepark.

Sak 12-14/15: YMSE

-elevundersøking 2014 for 7. og 10.klasse. Ferdig veke 47. Resultatet blir presentert på neste møte.

-reducerande tiltak vedr mobilbruk på ungdomsskulesteget. Elevrådet har innstilt å kutta mobil på fredagar. Eit positivt forslag/tiltak som må iverksetjast. Den mobilfrie dagen vert flytta til torsdag. Dette pga av valfag fredagane, elevane er då spreidde litt rundt omkring.

-bruk av samfunnsbygget på fritid/helg. Ein har opplevd opne dørar, rot og skader på ting når ein kjem om morgonen. Jobbar med å finne ansvarlege for ulike lag for å få til eit møte, og å stifte eit husstyre som lagar reglar for bruk av bygga.

-speglane som er knust i samfunnsbygget blir no skifta ut.

-på uteområdet er det fjerna gjerdingar og vegg, og det er også blitt rydda mykje i alle bygga.

-bygdelaget ynskjer ei eiga hylle til bl.a 17.mai- lettare å finne sidan det er ny komite kvart år.

-det er komme spm om å innføre skulefrukt. Dette blir teke vidare som skulesak.

-foreldrerepresentantar frå FAU skal no innatt i PALS. Nina H Sørensen og Jan ØInes blir no innkalla på møte i PALS-teamet kvar 4. el 6-veke. Fyrste PALS-møte med foreldre vert måndag 8. desember kl 09.00-11.00.

- resultat frå nasjonale prøvar. Me har over lang tid skåra for svakt på 5.klassesteg, spes i lesing og engelsk. Skulen har jobba med, og jobbar med fleire tiltak for å betre dette. Elevane våre syner flott utvikling frå nasjonale prøvar i 5. klasse og opp til 8. og 9. klasse. Dette kjem me attende til i SU-møta over nyttår, og utover våren.

Sak 13-14/15: BYGGESAKA, SYNFARING

-me gjekk ein runde på fellesbygget for å sjå kvar og korleis det skal byggast/ombyggast. Såg og evt kvar klatreparken vil verte plassert.

Hafslo, 20.11.14

Elin Hilleren & Kjell Ertesvåg
-referentar